



**RADØY**  
den grønne øya



# **GEBYRREGULATIV TEKNISK SEKTOR OG LANDBRUK I RADØY KOMMUNE**

Vedteke av kommunestyret 15.12.2011

Gjeld frå 1. januar 2012

# GEBYRREGULATIV

## TEKNISK SEKTOR OG LANDRBRUK

### I RADØY KOMMUNE

#### **1 Innhold**

1	Innhold .....	1
2	HEIMEL .....	2
2.1	Gebyrregulativ vedteke med heimel i: .....	2
3	I KRAFTTREDEN.....	2
4	GENERELLE REGLAR.....	3
4.1	Betalingsplikt .....	3
4.2	Kva for regulativ skal nyttast .....	3
4.3	Fastsetting av gebyr .....	3
4.4	Avbrote arbeid.....	4
4.5	Avvist eller mangelfull sak.....	4
4.6	Betalingstidspunkt.....	4
4.7	Urimelege gebyr .....	4
4.8	Fritak for gebyr .....	4
4.9	Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp.....	5
4.10	Gebyr til statlege etatar .....	5
4.11	Klage .....	5
4.12	Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd).....	5
4.13	Endring av regulativet .....	5
5	GEBYR FOR TENESTAR SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID.....	5
5.1	Timepris.....	5
6	GEBYR FOR KART OG EIGEDOMSOPPGÅVER.....	5
7	GEBYR FOR PLANSAK.....	7
7.1	Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12).....	7
7.2	Endring av reguleringsplan .....	7
7.3	Utbyggingsavtale (pbl kap 17).....	7
8	GEBYR FOR REFUSJONSSAK (pbl kap 18).....	8
8.1	Planbehandling (pbl § 18-8), og kostnadskontroll og fastsetjing av refusjon (pbl § 18-9).....	8
9	GEBYR FOR DELINGSSAKER (pbl § 20-1 m).....	8
10	DISPENSASJON (pbl kap 19) .....	8
11	TILTAKSSAKER (pbl kap 20).....	9
11.1	Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-2).....	9

11.2	Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-1).....	9
12	GEBYR FOR ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32).....	10
12.1	Tilleggsgebyr for sakshandsaming.....	10
12.2	Tvangsmulkt (Pbl § 32-5, vedtatt i kommunestyret i sak....., 24.06.10) .....	10
12.3	Lovbrottsgebyr (pbl § 32-8) .....	10
13	GEBYR FOR HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA (mf § 16) .....	11
13.1	Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr).....	11
13.2	Avbrot i rekvirert arbeid.....	11
13.3	Justering av grense .....	11
13.4	Klarlegging av eksisterande grense .....	11
13.5	Etablering av ny matrikkeleining.....	12
13.6	Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser .....	12
13.7	Oppretting og endring av uteareal til eigarseksjon.....	13
13.8	Areal-/volumoverføring.....	13
14	GEBYR FOR HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7) .....	14
14.1	Krav om seksjonering eller reseksjonering av eigedom .....	14
15	GEBYR FOR LANDBRUKSKONTORET SIN HANDSAMING AV KONSESJONS- OG DELINGSSAKER (Forskrift av 2011-12-14 nr 1336 §§ 1 og 2).....	14
15.1.1	Lov av 28. november 2003nr 98 om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova).....	14
15.1.2	Lov av 12. mai 1995 nr 25 § 12 om delingsamtykke.....	14
16	GEBYR FOR HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (§ 6) .....	14
17	GEBYR FOR HANDSAMING ETTER FORUREININGSLOVA.....	15
17.1	Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ff kap 2) .....	15
17.2	Utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ff § 11-4).....	15
17.3	Kontrollsaker (ff § 11-4) .....	15

## 2 HEIMEL

### 2.1 Gebyrregulativ vedteke med heimel i:

- Plan- og bygningslova (pbl) av 27. juni 2008 § 33-1
- Forskrift av 26. juni 2009 nr 864 (mf) § 16, vedteke med heimel i Lov om eigedsregistrering (ml) av 17. juni 2005 § 32
- Lov om eigarseksjonar av 20. mars 1997 § 7
- Forskrift om begrensning av forurensing (ff) av 1. juni 2004 nr 931, vedteke med heimel i Lov om vern mot forureining (fl) av 13. mars 1981 nr 6 § 52 a
- Forskrift om gebyr for behandling av konsesjonssaker m.v. av 28. november 2003 nr 98, vedteke med heimel i forvaltningslova(fvl) § 27 a

## 3 I KRAFTTREDEN

Regulativet blei vedteke av Kommunestyret den 15.12.2011 og gjeld frå den 01.12.2012.

Regulativet avløyser tidlegare gjeldande regulativ med det siterte heimelsgrunnlaget.

## **4 GENERELLE REGLAR**

### **4.1 Betalingsplikt**

Den som får utført tenester etter dette regulativet, skal betale gebyr i samsvar med satsane og retningslinene i regulativet. Gebyrkravet skal rettast mot heimelshavar, tiltakshavar, rekvirent eller den som har bede om å få utført aktuelt arbeid. Saksgebyr skal betalast sjølv om søknaden skulle bli avslegen.

Kommunen skal av eige tiltak betala attende det rekvirenten måtte ha til gode. Det same gjeld der kommunen ved feil har kravd og motteke for mykje i gebyr, eller har oversitt frist for handsaming etter plan- og bygningslova eller matrikkellova. Det kan ikkje krevjast rentetillegg for for mykje betalt gebyr.

Gebyr skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato. Ved for sein betaling kan kommunen krevja eit purregebyr på 10 % av rettsgebyret. Må kommunen purra fleire gonger, skal kommunen i tillegg til purregebyr krevja forsinkelsesrente i samsvar med forsinkelsesrentelova frå forfallsdato.

### **4.2 Kva for regulativ skal nyttast**

Gebyra skal reknast ut etter det regulativet som er/var gjeldande den datoen kommunen har motteke alle dokument i saka og med den kvalitet som er føresett for at kommunen skal kunna slutthandsama saka.

For saker som medfører fleire sjølvstendige avgjerdstrinn skal ein nytta det gebyrregulativet som er/var gjeldande når føresetnadene for å slutthandsama neste led i sakshandsaminga er til stades.

Gebyr som er relatert til timesatsar, skal relaterast til gjeldande satsar då arbeidet blei utført.

### **4.3 Fastsetting av gebyr**

Gebyra etter dette regulativet er faste gebyr til dekking av kommunen sine gjennomsnittskostnader med ei sak som er fullstendig tilrettelagt frå søker si side. Gebyret skal ikkje overstige kommunen sine naudsynste kostnader på sektoren.

Kommunen sine kostnader til tilsynsoppgåver etter plan- og bygningslova utgjer ca. 10 % av gebyr for tiltakssakar, jfr pbl § 33-1.

Kommunen vel kva han vil bruke som gebyreining, sak eller tilhøve. For alle saker kan det nyttast gebyr etter timeliste og medgått tid, i staden for faste gebyr.

Førebels fastsetjing av gebyr for plansak (basisgebyr + fast tilleggsggebyr) skal skje i obligatorisk oppstartsmøte. Søker skal varslast før kommunen endrar/tek i bruk ytterlegare gebyr.

For bygge- eller delingssak der det er naudsynt med dispensasjonshandsaming eller samtykke etter jordlova, kjem gebyr for dispensasjon og/eller jordslovshandsaming i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr.

Gebyr for ulovlege tiltak kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak.

Gebyr for utsleppsløyve kjem i tillegg til vanleg sakshandsamingsgebyr for byggesak ved etablering av nytt avløp.

#### 4.4 Avbrote arbeid

Når ein tiltakshavar/rekvirent er årsak til at kommunen sitt arbeid blir avbrote, skal det betalast gebyr i høve til det som er utført, eller som kommunen må utføra, etter timesats i dette regulativet.

#### 4.5 Avvist eller mangelfull sak

Dersom motteke sak blir avvist eller er så mangelfull at kommunen ikkje finn å kunna handsama henne, skal saka arkiverast utan handsaming, med melding til søker om kva som må gjerast før kommunen kan ta saka under handsaming. For avvist sak skal grunnen til avvisinga gjevast saman med opplysing om klageretten på avvisinga. Det skal betalast gebyr for avvist/mangelfull sak etter dette regulativet. Kommunen kan i staden for å avvise gje rettleiing på retting av manglar. For retting av manglar skal det betalast gebyr for avvist/mangelfull sak etter dette regulativet. Når ei sak er avvist og arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

#### 4.6 Betalingstidspunkt

Før kommunen skriv ut mellombels bruksløyve eller ferdigattest, skal tilhøyrande gebyr vera betalt. Likeins skal gebyr for oppmålingsforretning og andre gebyrsaker som skal matrikkelførast, og tilhøyrande tinglysingsgebyr og dokumentavgift, vera betalt før aktuelle dokument blir matrikkelført.

For søknadssaker kan kommunen krevja at tilhøyrande gebyr skal vera betalt før sakshandsaminga tek til. For saker som skal betalast etter medgått tid og utlegg til sakkunnig hjelp, skal kommunen ved forskottsbetaling skriva ut eit førebels gebyr i samsvar med gjeve overslag. Når kommunen sine arbeid er fullført, skal kommunen rekna ut det endelege gebyret og skriva ut tilleggsrekning eller betala attende for mykje betalt gebyr. Kommunen kan nekte å starte arbeid før minstegebyret er betalt. For gebyr som overstig minstegebyret, kan kommunen krevja betaling etter kvar avslutta etappe i sakshandsaminga.

Også for andre arbeid kan kommunen krevja at gebyret er betalt før kommunen sine arbeid tek til.

For plansak skal 50 % av basisgebyret skrivast ut før saka sendast på høyring og 50 % før saka leggjast frem for endeleg vedtak i kommunestyret.

Kommunen sine utlegg til fagkunnig hjelp, bør bli utskrive i ettertid. Ved store oppdrag kan kommunen skriva ut rekning på utførte deler av arbeidet, men ikkje oftare enn månadsvis.

Klage på fastsetjinga av eit gebyr eller avgjerd av søknad om heilt eller delvis fritak for å betale gebyr, medfører ikkje lengre betalingsfrist.

#### 4.7 Urimelege gebyr

Dersom eit gebyr er klart urimeleg i høve til dei prinsipp som er lagt til grunn, det arbeidet og dei kostnadene kommunen har hatt, kan administrasjonssjefen eller den som han/ho gjev fullmakt, av eige tiltak fastsetje eit høveleg gebyr.

Fullmaktshavar kan under same føresetnader og med bakgrunn i grunngjeven søknad frå den som har fått krav om betaling av gebyr, fastsetje eit redusert gebyr.

#### 4.8 Fritak for gebyr

Når særlege grunnar tilseier det, kan kommunen etter kommunalt fastsette retningsliner heilt eller delvis gje fritak for betaling av gebyr til kommunen i ei konkret sak.

## 4.9 Kommunen sine kostnader til fagkunnig hjelp

I sjeldne og kompliserte saker eller problemstillingar som medfører at kommunen må hyra inn fagkunnig hjelp i sakshandsaminga for å tilfredsstilla lovkrava til denne, kan kommunen i tillegg til gebyret krevje å få refundert utlegga til slik hjelp av den som skal betala saksgebyret.

## 4.10 Gebyr til statlege etatar

Der kommunen skal krevja inn gebyr til statlege etatar for saker etter dette regulativet, skal utskrivning og innkrevjing av kommunale og statlege gebyr skje samordna.

Kostnader som kommunen blir påført i samband med innhenting av relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, og eventuelt tinglysningsgebyr og dokumentavgift, skal dekkast av rekvirenten.

## 4.11 Klage

Fylkesmannen er klageinstans for enkeltvedtak gjort i medhald av dette regulativet. Det kan ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, bare over kva punkt i regulativet gebyret vert rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

## 4.12 Vintersesong (matrikkelforskrifta § 18 3. ledd)

Kommunestyret vedtek at tida 01.12-31.03 skal reknast som vintersesong i høve til forskriftfest frist for fullføring av oppmålingsforretning.

## 4.13 Endring av regulativet

Kommunestyret vedtek endringar i gebyrregulativet, normalt i samband med kommunestyret si handsaming av budsjettet for komande år. Dersom kommunestyret vedtek at gjeldande regulativ skal indeksregulerast, skal satsane regulerast i samsvar med KS "Hovedoversikt over kommunale arbeidstakere tabell II over endringar i månedsfortjeneste i % for teknisk sektor." Ved endringar skal ein avrunda satsane. Satsar under kr. 1000 skal ein avrunda til heile 10 kroner, satsar frå kr. 1000-10000 til heile hundre kroner og satsar frå kr 10 000 til heile tusen kroner.

# 5 GEBYR FOR TENESTAR SOM SKAL BETALAST ETTER MEDGÅTT TID

## 5.1 Timepris

For gebyr som skal betalast etter medgått tid, jfr dette regulativet, skal ein bruke følgjande timesatsar:

KODE	
5.1.1 Kontorarbeid	690
5.1.2 Feltarbeid	920

# 6 GEBYR FOR KART OG EIGEDOMSOPPGÅVER

Gebyr i samsvar med kommunen sin Geovekstavtale for basiskart. Sjå [www.statkart.no](http://www.statkart.no).

Resten av situasjonskartet (nabooppgåve og planinformasjon) er medrekna i vedkomande saksgebyr. Situasjonskart på papir for dispensasjonssak, tiltakssak, refusjonssak, seksjoneringssak, konsesjonssak og saker etter ureiningslova er inkludert sakshandsamingsgebyra.

## 7 GEBYR FOR PLANSAK

### 7.1 Private forslag til reguleringsplan (pbl kap 12)

KODE		
7.1.1	Obligatorisk oppstartsmøte	5 000
7.1.2	Basisgebyr	28 900
7.1.3	Fast tilleggsgebyr for planforslag i samsvar med overordna plan, men manglar andre avklaringar	28 900
7.1.4	Fast tilleggsgebyr for planforslag i strid med overordna plan	63 500
7.1.5	Tilleggsgebyr for avklaring av rammer eller tilarbeiding, etter medgått tid, minstegebyr:	6 900
7.1.6	Avvist/mangelfull sak, minstegebyr:	1 800
7.1.7	Fornya søknad innan eit år	50 % av basisgebyr + fulle tilleggsgebyr
7.1.8	Godkjenning av konsekvensutgreiing, minstegebyr per utgreidd tilhøve:	31 800

### 7.2 Endring av reguleringsplan

7.2.1	Små endringar i reguleringsplan, delegert til administrasjonen, minstegebyr:	4 500
7.2.2	Mindre endring i reguleringsplan, delegert til Hovudutval for plan, landbruk og teknisk, minstegebyr:	8 900
7.2.3	Endring av reguleringsplan, som inneber vesentlege endringar, men utan motsegn, minstegebyr:	19 100
7.2.4	Endring av reguleringsplan, som inneber vesentlege endringar og med motsegn, minstegebyr:	Som for ny sak
7.2.5	Avvist/mangelfull sak, minstegebyr:	1 800

### 7.3 Utbyggingsavtale (pbl kap 17)

KODE		
7.3.1	Gebyr etter medgått tid, minstegebyr:	20 000

## 8 GEBYR FOR REFUSJONSSAK (pbl kap 18)

### 8.1 Planbehandling (pbl § 18-8), og kostnadskontroll og fastsetjing av refusjon (pbl § 18-9)

KODE	
8.1.1	Planbehandling, medgått tid, minstegebyr: 15 800
8.1.2	Kostnadskontroll og fastsetjing, medgått tid, minstegebyr: 26 600
8.1.3	Avvist/mangelfull refusjonssak, minstegebyr: 1 800

## 9 GEBYR FOR DELINGSSAKER (pbl § 20-1 m)

KODE	
9.1.1	Deling i samsvar med plan 2 000
9.1.2	Deling som ikkje er i samsvar med plan, der grenser ikkje er fastlagde i plan eller i uregulert område 5 000
9.1.3	Tilleggsgebyr, medgått tid, minstegebyr: 2 500
9.1.4	Søknad om oppretting av ny anleggseigedom Pris etter avtale

## 10 DISPENSASJON (pbl kap 19)

KODE	
10.1.1	Dispensasjon frå arealformål gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova 8 800
10.1.2	Dispensasjon frå andre føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova 6 900
10.1.3	Administrativ vedteke dispensasjon frå arealformål og andre føresegne gjeve i lov eller i medhald av plan- og bygningsloven (jfr delegasjonsreglement for Radøy kommune) 4 400

## 11 TILTAKSSAKER (pbl kap 20)

### 11.1 Tiltak som tiltakshavar sjølv kan søkje om (pbl § 20-2)

KODE	
11.1.1 Basisgebyr	5 000
11.1.2 Basisgebyr for saker som ikkje krev oppdatering av kart/matrikkel	2 500
11.1.3 Avvist/mangelfull sak	500

### 11.2 Tiltak som krev bruk av kvalifisert føretak (pbl § 20-1)

KODE	
<b>11.2.1 Basisgebyr bustad/ fritidsbustad</b> For tilleggseining i einebustad betalast 50 % av basisgebyr. I fleirmannsbustadar betalast 50 % av basisgebyr frå og med bustadeining nr 5, og 20 % av basisgebyret frå om med bustad nr 11.	10 000
<b>11.2.2 Basisgebyr industri/næringsbygg</b>	10 000
<b>11.2.3 Fast arealtillegg industri/næringsbygg</b>	5,-/m <sup>2</sup>
<b>11.2.4 Basisgebyr konstruksjonar/anlegg, medgått tid minstegebyr:</b>	16 000
<b>11.2.5 Basisgebyr , andre tiltakssaker</b> Til dømes: Garasjar. Naust. Uthus. Tilbygg, påbygg og underbygg, som ikkje gjev ny bu- eller brukseining, eller vesentleg endrar eksisterande bygning. Separat søknad om mindre anlegg/konstruksjonar. Separat søknad om støttemurar/terrenginngrep. Mindre veg- og vassanlegg	5 000
<b>11.2.6 Basisgebyr, småsaker</b> Til dømes: Bad. Mindre avløpsanlegg. Skilt. Pipe. Mindre Støttemurar. Uthus under 15 kvm, men nærare nabogrense enn fire meter.	2 300
<b>11.2.7 Lokal godkjenning av føretak for ansvarsrett, per stk</b>	730
<b>11.2.8 Tilleggsgebyr</b> Til dømes: Delt sakshandsaming. Søknad om mindre endring. Mellombels bruksløyve, minstegebyr:	2 500
<b>11.2.9 Tilleggsgebyr, lite</b> Til dømes: Synfaring. Nabomerknad. Høyring annan mynde, minstegebyr:	1 300
<b>11.2.10 Avvist / mangelfull sak, minstegebyr:</b>	1 800
<b>11.2.11 Kommunens arbeid ved innhenting av sakkyndig kompetanse</b>	Medgått til

## 12 GEBYR FOR ULOVLEGE TILTAK (pbl kap 32)

### 12.1 Tilleggsgebyr for sakshandsaming

KODE	
<b>12.1.1 Påvising av ulovleg tiltak, medgått tid, minstegebyr:</b> Til dømes: Avdekking av ulovleg tiltak. Gjennomgang av arkiv og kartgrunnlag. Synfaring. Førhandsvarsel til tiltakshavar.	2 500
<b>12.1.2 Oppfølgjande sakshandsaming, medått tid, minstegebyr:</b> Til dømes: Pålegg om retting og tvangsmulkt. Kommunens arbeid ved innhenting av sakkyndig kompetanse.	2 500
<b>12.1.3 Tilleggsgebyr</b>	2 500

### 12.2 Tvangsmulkt (Pbl § 32-5, vedtatt i kommunestyret i sak....., 24.06.10)

KODE	
<b>12.2.1 Tiltak som ikkje er omsøkt</b>	
a) Mindre tiltak som er søknadspliktig etter pbl §20-2	5 000-20 000
b) Tiltak som er søknadspliktige etter pbl § 20-1	10 000- 50 000
c) Ulovleg bygging i LNF områder, innafor 100-meters belte til sjø og verneverdige område	30 000- 50 000
d) Ulovleg bygging som utgjør ei fare for helse, miljø og tryggleik	30 000-50 000
<b>12.2.2 Tiltak som avviker frå godkjent løyve</b>	
a) Tiltak bygget i strid med godkjent løyve etter pbl § 20-2	5 000 – 20 000
b) Tiltak bygget i strid med godkjent løyve etter pbl § 20-1	10 000 – 50 000
<b>12.2.3 Dagmulkt</b> Samstundes fastsettast dagmulkt for kvar dag tiltaket ikkje er ført attende.	100 – 1 000

### 12.3 Lovbrottsgebyr (pbl § 32-8)

Lovbrottsgebyr etter plan- og bygningslova § 32-8 og Forskrift om byggesak § 16-1.

## 13 GEBYR FOR HANDSAMING ETTER MATRIKKELLOVA (mf § 16)

### 13.1 Matrikkelbrev (statleg fastsett gebyr)

KODE	
13.1.1 Matrikkelbrev inn til 10 sider	175
13.1.2 Matrikkelbrev over 10 sider	350

### 13.2 Avbrot i rekvirert arbeid

KODE	
13.2.1 Avbrot forårsaka av rekvirenten, medgått tid, minstegebyr:	3 800
13.2.2 Avvist sak, medgått tid, minstegebyr:	1 800

### 13.3 Justering av grense

KODE	
13.3.1 Justering av eksisterande grense for grunneigedom, festegrunn og jordsameige	8 700
a) Areal frå 0-250 m <sup>2</sup>	
b) Areal frå 251-500 m <sup>2</sup>	10 500
13.3.2 Justering av grunn for anleggseigedom	I følgje avtale

### 13.4 Klarlegging av eksisterande grense

13.4.1 Klarlegging av eksisterande grense der grensa er koordinatbestemt ved tidlegare oppmålingsforretning	5 700
a) For inn til 2 punkt	
b) For overskytande grensepunkt, per punkt	740
13.4.2 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt	8 500
a) For inn til 2 punkt	
b) For overskytande grensepunkt, per punkt	1 200

### 13.5 Etablering av ny matrikkeleining

KODE	
<b>13.5.1 Etablering av grunneigedom, festegrunn og punktfeste</b>	
a) Areal frå 0-250 m <sup>2</sup>	10 000
b) Areal frå 250-500 m <sup>2</sup>	16 800
c) Areal frå 501-2 000 m <sup>2</sup>	23 100
d) Areal frå 2 000-20 000 m <sup>2</sup>	25 700 + kr 1 400 per påbegynt 2 000 m <sup>2</sup>
e) Areal ≥ 20 000 m <sup>2</sup>	51 500 + kr 4 200 per påbegynte 20 000 m <sup>2</sup>
<b>13.5.2 Matrikkulering av eksisterande umatrikkulert grunn</b>	
a) Areal frå 0-500 m <sup>2</sup>	12 100
b) Areal frå 501-2 000 m <sup>2</sup>	16 800
c) Areal frå 2 000-20 000 m <sup>2</sup>	18 400 + kr 1 100 per påbegynt 2 000 m <sup>2</sup>
d) Areal ≥ 20 000 m <sup>2</sup>	36 900 + kr 3 200 per påbegynte 20 000 m <sup>2</sup>
<b>13.5.3 Registrering av eksisterande jordsameige eller endring i registrert sameigefordeling</b>	Medgått tid
<b>13.5.4 Tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning</b>	1 700
<b>13.5.5 Oppretting av matrikkeleining utan markarbeid</b>	75 % av aktuell sats
<b>13.5.6 Oppretting av anleggseigedom</b>	I flg avtale

### 13.6 Klarlegging av rettar/servituttar, og matrikkelføring av privat avtale om grenser

<b>13.6.1 Klarlegging av rettar og servituttar</b>	Medgått tid
<b>13.6.2 Matrikkelføring av privat avtale om grenser</b>	Medgått tid

### 13.7 Oppretting og endring av uteareal til eigarseksjon

KODE	
13.7.1 Areal frå 0-50 m <sup>2</sup>	8 700
13.7.2 Areal frå 51-250 m <sup>2</sup>	10 500
13.7.3 Areal frå 251- 2 000 m <sup>2</sup>	12 600
13.7.4 Areal $\geq$ 2 000 m <sup>2</sup>	12 600 + kr 530 per påbegynte 1 000 m <sup>2</sup>

### 13.8 Areal-/volumoverføring

KODE	
13.8.1 Arealoverføring for grunneigedom, festegrunn og jordsameige	10 100
a) Areal frå 0-250 m <sup>2</sup>	
b) Areal frå 251-500 m <sup>2</sup>	12 600
d) Areal $\geq$ 501 m <sup>2</sup>	12 600 + kr 1 500 per påbegynte 500 m <sup>2</sup>
13.8.2 Volumoverføring for anleggseigedom	I følge avtale

## 14 GEBYR FOR HANDSAMING ETTER LOV OM EIGARSEKSJONAR (§ 7)

### 14.1 Krav om seksjonering eller reseksjonering av eiendom

KODE	
14.1.1 Sak som krev synfaring	5 rettsgebyr
14.1.2 Sak som ikkje krev synfaring	3 rettsgebyr
14.1.3 Tilleggsgebyr for utarbeiding av målebrev for grunnareal som en del av ein seksjon	Gebyr etter reglane om oppretting og endring av uteareal til eigarseksjon.
14.1.4 Ny handsaming av avslegen søknad innan tre månader	50 % av ny søknad

## 15 GEBYR FOR LANDBRUKSKONTORET SIN HANDSAMING AV KONSESJONS- OG DELINGSSAKER (Forskrift av 2011-12-14 nr 1336 §§ 1 og 2)

KODE	
15.1.1 Lov av 28. november 2003nr 98 om konsesjon ved erverv av fast eiendom (konsesjonslova). <i>Det skal ikkje betalast gebyr når nær slektning eller odlar som ikkje skal oppfylle lovpålagt buplikt søker konsesjon. Det skal heller ikkje betalast gebyr når kommunen sjølv er kjøpar og søker konsesjon</i>	5 000
15.1.2 Lov av 12. mai 1995 nr 25 § 12 om delingssamtykke	2 000

## 16 GEBYR FOR HANDSAMING ETTER HAMNE- OG FARVASSSLOVA (§ 6)

Radøy kommune har delegert si mynde etter havne- og farvannsloven, med heimel i havne- og farvannsloven § 10, til Bergen og Omland havnesen, jf vedtak i sak 059/11 den 15.12.2011.

Gebyr for handsaming etter havne- og farvannsloven følgjer av Lokal forskrift om saksbehandlingsgebyr for Bergen og Omland havnevesen av 08.12.2011, jf havne- og farvannsloven §6, gjeldande frå 01.01.2012.

For søknad om løyve til tiltak i sjø, jf havne- og farvannslova § 27, skal Bergen og omland havnevesen frå 01.01.2012 ha gebyr på kr 4 200 for sin handsaming av saka.

## 17 GEBYR FOR HANDSAMING ETTER FORUREININGSLOVA

### 17.1 Opprydding i ureina grunn ved bygge- og gravearbeid (ff kap 2)

KODE	
17.1.1 Medgått tid, minstegebyr	3 600

### 17.2 Utslepp frå mindre avlaupsanlegg (ff § 11-4)

KODE	
17.2.1 Søknadssaker	4 100
a) Anlegg der utsleppet er kalkulert til < 15 PE	
b) Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 15 og 100 PE	5 800
c) Anlegg der utsleppet er kalkulert til mellom 100 og 1000 PE	8 700
Ved søknad om fleire avlaup av same storleik på same eigedom , skal det krevjast halvt gebyr per avlaup frå og med nr. 2. Der ein søknad gjeld fleire avlaup av ulik storleik på same eigedom i høve til inndelinga ovanfor, skal det krevjast fullt gebyr for det avlaupet som gjev størst gebyr og halvt gebyr i høve til klassen per avlaup som kjem i tillegg.	
17.2.2 Fornya søknad innan 3 månader	50 % av ny søknad
17.2.3 Avvist/mangelfull sak	630

### 17.3 Kontrollsaker (ff § 11-4)

KODE	
17.3.1 Anlegg der utsleppet er < 15 PE	2 300
17.3.2 Anlegg der utsleppet er mellom 15 og 100 PE	3 500
17.3.3 Anlegg der utsleppet til mellom 100 og 500 PE	5 800
17.3.4 Anlegg der utsleppet er $\geq$ 500 PE, medgått tid, minstegebyr:	10 400